



Kommunen etterlyser framdrift i Beinavikjo. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Saksbehandlar Ingo Bewer i kommunen har skreve til Prosjekt Konsult Kvinnherad og vist til eit positivt drøftingsmøte i oktober i fjor om Uskedalen Brygge i Beinavikjo.

Men Bewer etterlyser på vegne av administrasjonen vidareføring av reguleringsplanarbeidet.

Han viser til at det i dag ikkje finns nokon juridisk bindande plan for store deler av planen og dette er til stor ulempe for heile feltet. Bewer etterlyser difor eit svar om framdrift i saken.

Prosjekt Konsult har svara at dei har avslutta samarbeidet med Geir Rusten i denne saka og ikkje veit kvar ho står i dag.